

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDS DIREKTIV 2001/77/EF

2008/EØS/27/41

av 27. september 2001

om fremjing av elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder i den indre elektrisitetsmarknaden(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 175 nr. 1,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽²⁾,

med tilvising til fråsegna frå Regionutvalet⁽³⁾,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten⁽⁴⁾, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Potensialet for utnytting av fornybare energikjelder er i dag ikkje nytta fullt ut i Fellesskapet. Fellesskapet sannkjenner at det er naudsynt å fremje fornybare energikjelder som eit prioritert tiltak, fordi utnyttinga av slike energikjelder medverkar til vern av miljøet og til berekraftig utvikling. Dessutan kan dette òg skape lokal sysselsetjing, ha ein positiv innverknad på den sosiale utjamninga, medverke til å sikre energiforsyninga og gjere det mogleg å nå måla i Kyoto-protokollen snøggare. Difor må det sikrast at dette potensialet vert betre utnytta innanfor ramma av den internasjonale elektrisitetsmarknaden.
- 2) Som det går fram av kvitboka om fornybare energikjelder (heretter kalla «kvitboka»), har fremjinga av elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder, høg prioritet innanfor Fellesskapet av grunnar som gjeld sikring og det å få meir ulike energikjelder i energiforsyninga, vern av miljøet og sosial og økonomisk utjamning. Dette vart støtta av Rådet i resolusjonen av 8. juni 1998 om fornybare energikjelder⁽⁵⁾, og av Europaparlamentet i resolusjonen sin om kvitboka⁽⁶⁾.
- 3) Den auka bruken av elektrisitet som er produsert frå fornybare kjelder, utgjer ein viktig del av den tiltakspakken som trengst for å oppfylle Kyoto-protokollen til rammekonvensjonen til Dei sameinte nasjonane om klimaendring, og av eventuelle andre politiske tiltakspakkar til støtte for ytterlegare plikter.
- 4) I konklusjonane sine av 11. mai 1999 og i resolusjonen sin av 17. juni 1998 om elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder⁽⁷⁾ har høvesvis Rådet og Europaparlamentet oppmoda Kommisjonen om å utarbeide eit konkret framlegg til ei fellesskapsramme for tilgang til den indre marknaden for elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder. Vidare har Europaparlamentet i resolusjonen sin av 30. mars 2000 om elektrisitet frå fornybare energikjelder og den indre elektrisitetsmarknaden⁽⁸⁾ streka under at det er særskild viktig med bindande og ambisiøse energimål på nasjonalt plan for å oppnå resultat og nå fellesskapsmåla.
- 5) For å sikre at elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder skal kunne få ein større del av marknaden på mellomlang sikt, bør det vere eit krav at alle medlemsstatane set seg nasjonale rettleiande mål for forbruket av slik elektrisitet.
- 6) Desse nasjonale rettleiande måla bør vere i samsvar med eventuelle nasjonale plikter som medlemsstatane har teke på seg innanfor ramma av dei klimapolitiske pliktene som Fellesskapet har godteke i medhald av Kyoto-protokollen.
- 7) Kommisjonen bør vurdere i kor stor grad medlemsstatane har gjort framsteg når det gjeld å nå dei nasjonale måla som dei har sett seg, og i kor stor grad dei nasjonale rettleiande måla er i tråd med det overordna rettleiande målet, som er på 12 % av det innanlandske bruttoenergiforbruket innan 2010, samstundes som det rettleiande målet på 12 % for heile Fellesskapet innan 2010 som er fastsett i kvitboka, gjev ei nyttig rettleiing for den auka innsatsen både på fellesskapsplan og i medlemsstatane, og samstundes som det vert teke omsyn til at ulike nasjonale tilhøve må speglast att. Dersom det er naudsynt for å nå måla, bør Kommisjonen leggje fram for Europaparlamentet og Rådet framlegg som kan omfatte bindande mål.
- 8) Dersom avfall vert nytta som energikjelde, må medlemsstatane støtte det gjeldande fellesskapsregelverket for avfallshandtering. Bruken av dette direktivet rører ikkje ved dei definisjonane som er fastsette i vedlegg II A og II B til rådsdirektiv 75/442/EØF av 15. juli 1975 om avfall⁽⁹⁾. Støtte til fornybare energikjelder bør vere i samsvar med andre fellesskapsmål, og særleg bør hierarkiet i avfallshandteringa respekterast. Forbrenning

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 283 av 27.10.2001, s. 33, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 102/2005 av 8. juli 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg IV (Energi), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 60 av 24.11.2005, s. 21.

(1) TEF C 311 E av 31.10.2000, s. 320 og TEF C 154 E av 29.5.2001, s. 89.

(2) TEF C 367 av 20.12.2000, s. 5.

(3) TEF C 22 av 24.1.2001, s. 27.

(4) Europaparlamentsfråsegn av 16. november 2000 (TEF C 223 av 8.8.2001, s. 294), felles haldning frå Rådet av 23. mars 2001 (TEF C 142 av 15.5.2001, s. 5) og europaparlamentsavgjerd av 4. juli 2001 (enno ikkje offentleggjort i TEF). Rådsavgjerd av 7. september 2001.

(5) TEF C 198 av 24.6.1998, s. 1.

(6) TEF C 210 av 6.7.1998, s. 215.

(7) TEF C 210 av 6.7.1998, s. 143.

(8) TEF C 378 av 29.12.2000, s. 89.

(9) TEF L 194 av 25.7.1975, s. 39. Direktivet sist endra ved kommisjonsvedtak 96/350/EF (TEF L 135 av 6.6.1996, s. 32).

- av usortert kommunalt avfall bør ikkje fremjast innanfor ei framtidig ordning til støtte for fornybare energikjelder dersom slik fremjing skulle kunne undergrave dette hierarkiet.
- 9) Definisjonen av biomasse i dette direktivet rører ikkje ved bruken av ein annan definisjon i nasjonal lovgjeving for andre føremål enn dei som er fastsette i dette direktivet.
- 10) Dette direktivet pålegg ikkje medlemsstatane å godkjenne kjøp av ein opphavsgaranti frå andre medlemsstatar eller tilsvarende kjøp av elektrisitet som ein medverknad til å oppfylle ei nasjonal kvoteplikt. For å lette handelen med elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder, og for å gjere det lettare for forbrukaren å velje mellom elektrisitet frå ikkje-fornybare kjelder og elektrisitet frå fornybare kjelder, er det likevel naudsynt med ein opphavsgaranti for slik elektrisitet. Ordningar for opphavsgarantiar gjev ingen rett i seg sjølve til å nyte godt av nasjonale støtteordningar som er fastsette i ulike medlemsstatar. Det er viktig at alle former for elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder, vert omfatta av slike opphavsgarantiar.
- 11) Det er viktig å skilje klart mellom opphavsgarantiar og omsetjelege grøne sertifikat.
- 12) Trongen for offentleg støtte til fornybare energikjelder er sannkjend i fellesskapsretningslinjene om statsstøtte til miljøvern⁽¹⁾, der det m.a. vert teke omsyn til at eksterne kostnader ved produksjon av elektrisk kraft må internaliserast. Reglane i traktaten, særleg artikkel 87 og 88, skal likevel framleis nyttast på slik offentleg støtte.
- 13) Det må skipast ei rettsleg ramme for marknaden for fornybare energikjelder.
- 14) Medlemsstatane har ulike ordningar for støtte til fornybare energikjelder på nasjonalt plan, medrekna grøne sertifikat, investeringsstøtte, skattefritak eller skattelette, tilbakebetaling av skatt og ordningar for direkte prisstøtte. Eit viktig middel for å nå målet for dette direktivet, er å garantere at desse ordningane verkar på ein tilfredsstillande måte inntil det vert sett i verk ei fellesskapsramme, slik at tilliten frå investorane kan haldast ved lag.
- 15) Sett i høve til at røynslene med nasjonale ordningar er små og prisstøtta til elektrisitet som er produsert frå fornybare kjelder i Fellesskapet er relativt låg, er det enno for tidleg å avgjere om det bør innførast ei ramme for støtteordningar på fellesskapsplan.
- 16) Etter ein tilstrekkeleg lang overgangsperiode er det likevel naudsynt å tilpasse støtteordningane til den veksande indre elektrisitetsmarknaden. Difor er det føremålstenleg at Kommisjonen overvakar situasjonen og legg fram ein rapport om dei røynslene som vert gjorde med bruken av nasjonale ordningar. Dersom det er naudsynt, bør Kommisjonen, i lys av konklusjonane frå denne rapporten, gjere framlegg om ei fellesskapsramme med omsyn til støtteordningar for elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder. Dette framlegget bør medverke til at dei nasjonale rettleiande måla vert nådde, svare til prinsippa for den indre elektrisitetsmarknaden og ta omsyn til særtrekka ved dei ulike kjeldene for fornybar energi og til ulike former for teknologi og ulike geografiske tilhøve. Framlegget bør òg fremje ein rasjonell bruk av fornybare energikjelder, og vere mest mogleg enkelt og effektivt, særleg når det gjeld kostnadseffektivitet, og omfatte tilstrekkeleg lange overgangsperiodar på minst sju år, halde ved lag tilliten frå investorane og unngå at grunnlaget for investeringar som er gjorde, fell bort. Ei slik ramme ville gjere det mogleg for elektrisitet frå fornybare kjelder å konkurrere med elektrisitet som er produsert frå ikkje-fornybare kjelder, avgrense kostnadene til forbrukarane og samstundes, på mellomlang sikt, å redusere trongen for offentleg støtte.
- 17) Dersom elektrisitet som er produsert frå fornybare kjelder kunne få ein større del av marknaden, ville dette gje stordriftføremoner og såleis lågare kostnader.
- 18) Det er viktig å utnytte styrken i marknadskreftene og den indre marknaden for å gjere elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder konkurransedyktig og attraktiv for europeiske borgarar.
- 19) I samband med innsatsen for å utvikle ein marknad for fornybare energikjelder må det takast omsyn til den positive verknaden på potensialet for regional og lokal utvikling, eksportutsikter, sosial utjamning og sysselsetjing, særleg når det gjeld små og mellomstore føretak og uavhengige kraftprodusentar.
- 20) Det bør takast omsyn til den særlege strukturen innanfor sektoren for fornybare energikjelder, særleg ved vurderinga av administrative framgangsmåtar for å få løyve til bygging av anlegg som produserer elektrisitet frå fornybare energikjelder.
- 21) Under visse omstende er det ikkje mogleg å sikre fullgod overføring og distribusjon av elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder utan at elektrisitetsnettet vert mindre påliteleg og sikkert, og i ein slik samanheng kan garantiane difor omfatte økonomisk kompensasjon.
- 22) Kostnadene ved tilknytning av nye produsentar av elektrisitet frå fornybare energikjelder bør vere objektive, oversiktlege og sikre lik handsaming, og det bør takast tilbørlig omsyn til dei føremonene som dei tilknytte produsentane kan tilføre nettet.

⁽¹⁾ TEF C 37 av 3.2.2001, s. 3.

- 23) Ettersom dei allmenne måla for det framlagde tiltaket ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane, og difor på grunn av omfanget eller verknadene av det framlagde tiltaket betre kan nåast på fellesskapsplan, kan Fellesskapet vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten. Den nærmare gjennomføringa bør likevel overlatast til medlemsstatane, slik at kvar og ein av dei kan velje den ordninga som svarar best til deira spesielle situasjon. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje dette direktivet lenger enn det som er naudsynt for å nå desse måla —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Mål

Målet for dette direktivet er å fremje ein auka medverknad av fornybare energikjelder i produksjonen av elektrisitet i den indre elektrisitetsmarknaden, og å skape grunnlag for ei framtidig fellesskapsramme for dette.

Artikkel 2

Definisjonar

I dette direktivet tyder:

- a) «fornybare energikjelder» fornybare ikkje-fossile energikjelder (vind, sol, geotermisk energi, bølge- og tidevassenergi, vasskraft, biomasse, gass frå fyllplassar, gass frå reinseanlegg og biogassar),
- b) «biomasse» den biologisk nedbrytbare delen av produkt, avfall og restar frå jordbruk (medrekna stoff frå planter og dyr), skogbruk og nærskylde industriar, og den biologisk nedbrytbare delen av industriavfall og kommunalt avfall,
- c) «elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder» elektrisitet som er produsert ved anlegg der det berre vert nytta fornybare energikjelder, og den delen av elektrisitet frå fornybare energikjelder som vert produsert ved blandingsanlegg der det òg vert nytta konvensjonelle energikjelder, medrekna fornybar elektrisitet som vert nytta til oppfylling av lagringsanlegg, men ikkje medrekna elektrisitet som er produsert som eit resultat av slike lagringsanlegg,
- d) «elektrisitetsforbruk» nasjonal elektrisitetsproduksjon, medrekna eigenproduksjon, pluss importert og minus eksportert elektrisitet (nasjonalt bruttoelektrisitetsforbruk).

I tillegg skal definisjonane i europaparlaments- og rådsdirektiv 96/92/EF av 19. desember 1996 om felles regler for det indre marked for elektrisitet⁽¹⁾ gjelde.

⁽¹⁾ TEF L 27 av 30.1.1997, s. 20.

Artikkel 3

Nasjonale rettleiande mål

1. Medlemsstatane bør gjere høvelege tiltak for å oppmuntre til eit større forbruk av elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder, i samsvar med dei nasjonale rettleiande måla som er nemnde i nr. 2. Desse tiltaka må stå i høve til det målet som skal nåast.

2. Medlemsstatane skal seinast 27. oktober 2002 og deretter kvart femte år vedta og offentleggjere ein rapport der det er fastsett nasjonale rettleiande mål for framtidig forbruk av elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder, uttrykt som ein prosentdel av elektrisitetsforbruket i dei neste ti åra. I rapporten skal det òg gjerast greie for dei tiltaka som er gjorde eller planlagde på nasjonalt plan for å nå desse nasjonale rettleiande måla. Når måla fram til 2010 skal fastsetjast, skal medlemsstatane

- ta omsyn til dei referanseverdiane som er førde opp i vedlegget,
- sikre at måla svarar til eventuelle nasjonale plikter som medlemsstatane har teke på seg innanfor ramma av dei klimapolitiske pliktene som Fellesskapet har godteke i medhald av Kyoto-protokollen til rammekonvensjonen til Dei sameinte nasjonane om klimaendring.

3. Medlemsstatane skal første gongen seinast 27. oktober 2003 og deretter annakvart år offentleggjere ein rapport som skal innehalde ein analyse av i kor stor grad dei har lukkast med å nå dei nasjonale rettleiande måla, der det særleg vert teke omsyn til klimatiske faktorar som kan tenkjast å ha innverknad på oppnåinga av desse måla, og opplyse om i kor stor grad dei tiltaka som er gjorde, er i samsvar med dei nasjonale klimapolitiske pliktene.

4. På grunnlag av dei rapportane frå medlemsstatane som er nemnde i nr. 2 og 3, skal Kommissjonen vurdere i kor stor grad

- medlemsstatane har gjort framsteg når det gjeld å nå dei nasjonale rettleiande måla sine,
- dei nasjonale rettleiande måla er i samsvar med det overordna rettleiande målet, som er på 12 % av det nasjonale bruttoenergiforbruket innan 2010, og særleg med det rettleiande målet for den delen elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder, som er på 22,1 % av den samla elektrisitetsbruken i Fellesskapet innan 2010.

Kommissjonen skal offentleggjere konklusjonane sine i ein rapport, første gongen seinast 27. oktober 2004 og deretter annakvart år. Framlegg til Europaparlamentet og Rådet skal eventuelt leggjast ved denne rapporten.

Dersom den rapporten som er nemnd i andre leddet, konkluderer med at dei nasjonale rettleiande måla av årsaker som ikkje er grunngevrne og/eller ikkje har samanheng med nye vitskapelege prov, truleg ikkje er i samsvar med det overordna rettleiande målet, skal det i desse framlegga fastsetjast nasjonale mål, medrekna moglege bindande mål, i ei høveleg form.

*Artikkel 4***Støtteordningar**

1. Med atterhald for artikkel 87 og 88 i traktaten skal Kommissjonen vurdere korleis slike ordningar som vert nytta i medlemsstatane, og som ein elektrisitetsprodusent, på grunnlag av reglar som er vedtekne av dei offentlege styresmaktene, mottek direkte eller indirekte støtte gjennom, og som kunne ha ein avgrensande verknad på handelen, på det grunnlaget at desse ordningane kan medverke til at dei måla som er fastsette i artikkel 6 og 174 i traktaten, kan nåast.

2. Kommissjonen skal seinast 27. oktober 2005 leggje fram ein godt dokumentert rapport om dei røynsleane som er gjorde med bruken av og tilhøvet mellom dei ulike ordningane som er nemnde i nr. 1. Rapporten skal vurdere kor vellukka, medrekna kor kostnadseffektive, dei støtteordningane som er nemnde i nr. 1, er når det gjeld å fremje forbruket av elektrisitet produsert frå fornybare elektrisitetskjelder i samsvar med dei nasjonale rettleiande måla som er nemnde i artikkel 3 nr. 2. Dersom det er naudsynt, skal rapporten vere vedlagd eit framlegg til ei fellesskapsramme for støtteordningar for elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder.

Alle framlegg til ei ramme skal:

- a) medverke til å nå dei nasjonale rettleiande måla,
- b) svare til prinsippa for den indre elektrisitetsmarknaden,
- c) ta omsyn til særtrekka ved dei ulike kjeldene for fornybar energi, ulike former for teknologi og ulike geografiske tilhøve,
- d) fremje ein rasjonell bruk av fornybare energikjelder, og vere mest mogleg enkel og effektiv, særleg når det gjeld kostnadseffektivitet,
- e) omfatte tilstrekkeleg lange overgangsperiodar på minst sju år, og halde ved lag tilliten frå investorane.

*Artikkel 5***Opphavsgaranti for elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder**

1. Medlemsstatane skal seinast 27. oktober 2003 syte for at det kan garanterast at elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder, faktisk er produsert frå slike energikjelder slik det er definert i dette direktivet i samsvar med kriterium som er objektive, oversiktlege og sikrar lik handsaming, og som er fastsette av kvar medlemsstat. Dei skal sikre at det på oppmoding vert utferdta opphavsgarantiar for dette føremålet.

2. Medlemsstatane kan peike ut eitt eller fleire rette organ som skal vere uavhengige i høve til produksjons- og distribusjonsverksemda, for å overvake utferdinga av slike opphavsgarantiar.

3. Ein opphavsgaranti skal

- opplyse om kva energikjelde elektrisiteten er produsert frå, med opplysningar om produksjonsdato og –stad, og om kapasiteten til anlegget dersom det dreier seg om vasskraftverk,

- gjere det mogleg for produsentar av elektrisitet frå fornybare energikjelder å vise at den elektrisiteten som dei sel, er produsert frå fornybare energikjelder slik det er definert i dette direktivet.

4. Slike opphavsgarantiar som er utferdta i samsvar med nr. 2, bør godkjennast ymsesidig av medlemsstatane utelukkande som prov på dei faktorane som er nemnde i nr. 3. Eventuell nektning når det gjeld godkjenning av ein opphavsgaranti som slikt prov, særleg av grunnar som er knytte til hindring av svik, må byggje på objektive og oversiktlege kriterium som sikrar lik handsaming. Dersom nokon nektar å godkjenne ein opphavsgaranti, kan Kommissjonen tvinge den nektande parten til å godkjenne opphavsgarantien, samstundes som det vert teke omsyn til dei objektive, oversiktlege kriteria som sikrar lik handsaming og som slik godkjenning byggjer på.

5. Medlemsstatane eller dei rette organa skal innføre høvelege ordningar for å sikre at opphavsgarantiane både er nøyaktige og pålitelege, og dei skal i rapporten som er nemnd i artikkel 3 nr. 3, gjere greie for dei tiltaka som er gjorde for å sikre at garantiordninga er påliteleg.

6. Etter å ha rådført seg med medlemsstatane skal Kommissjonen, i rapporten som er nemnd i artikkel 8, vurdere kva form og metodar medlemsstatane vil kunne nytte for å garantere opphavet til elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder. Dersom det er naudsynt, skal Kommissjonen gjere framlegg for Europaparlamentet og Rådet om at det skal vedtakast felles reglar for dette.

*Artikkel 6***Administrative framgangsmåtar**

1. Medlemsstatane eller dei rette organa som er oppnemnde av medlemsstatane, skal vurdere dei eksisterande lovene og rammereglane med omsyn til framgangsmåtar for konsesjon eller andre framgangsmåtar som er fastsette i artikkel 4 i direktiv 96/92/EF, og som skal nyttast på produksjonsanlegg for elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder, med sikte på å

- redusere rettslege og ikkje-rettslege hindringar for auka produksjon av elektrisitet frå fornybare energikjelder,
- forenkle og framskande framgangsmåtar på det relevante administrative planet, og
- sikre at reglane er objektive, oversiktlege og sikrar lik handsaming, og samstundes fullt ut tek omsyn til særtrekka ved dei ulike teknologiane for utnytting av fornybare energikjelder.

2. Medlemsstatane skal seinast 27. oktober 2003 offentliggjere ein rapport om den vurderinga som er nemnd i nr. 1, og eventuelt opplyse om kva tiltak som er gjorde. Føremålet med denne rapporten er, dersom det er relevant i samband med nasjonal lovgjeving, å opplyse om kva framsteg som er gjorde, særleg når det gjeld

- samordning mellom ulike administrasjonsorgan med omsyn til fristar for, mottak av og handsaming av søknader om konsesjon,

- utarbeiding av eventuelle retningslinjer for den verksemda som er nemnd i nr. 1, og for ei eventuell gjennomføring av framgangsmåtar for snøgg planlegging for produsentar av elektrisitet frå fornybare energikjelder, og
 - utpeiking av styresmakter som skal mekle i tvistar mellom dei styresmaktene som har ansvaret for å gje konsesjon og dei som søker om slik konsesjon.
3. I rapporten som er nemnd i artikkel 8, og på grunnlag av rapportane frå medlemsstatane, som er nemnde i nr. 2 i denne artikkelen, skal Kommisjonen vurdere beste praksis med sikte på å nå dei måla som er nemnde i nr. 1.

Artikkel 7

Spørsmål som gjeld elektrisitetsnett

1. Utan at det rører ved trygginga av eit påliteleg og sikkert elektrisitetsnett skal medlemsstatane gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at operatørar av overføringsnett og distribusjonsnett på territoriet deira garanterer overføringa og distribusjonen av elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder. Dei kan òg syte for at elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder, kan få prioritert tilgang til elektrisitetsnett. Ved driftskoordinering mellom produksjonsanlegg skal operatørar av overføringsnett gje førerang til produksjonsanlegg som nyttar fornybare energikjelder, i den grad drifta av det nasjonale elektrisitetsnett tillèt dette.

2. Medlemsstatane skal innføre ei rettsleg ramme eller krevje at operatørar av overførings- og distribusjonsnett utarbeider og offentliggjør standardreglar med omsyn til kven som skal bere kostnadene i samband med tekniske tilpassingar, t.d. tilkopling til og utbygging av nettet, som er naudsynte for å integrere nye produsentar som skal forsyne samkøyringsnett med elektrisitet frå fornybare kjelder.

Desse reglane skal byggje på kriterium som er objektive, oversiktlege og sikrar lik handsaming, og som tek særleg omsyn til alle kostnader og føremoner i samband med at desse produsentane vert kopla til nettet. Reglane kan gje høve til ulike former for tilkopling.

3. Der det er føremålstenleg kan medlemsstatane krevje at operatørar av overførings- og distribusjonsnett skal bere alle eller delar av dei kostnadene som er nemnde i nr. 2.

4. Operatørar av overførings- og distribusjonsnett skal påleggjast å gje alle nye produsentar som ønskjer tilkopling, eit omfattande og utførleg overslag over kostnadene i samband med tilkoplinga. Medlemsstatane kan tillate at produsentar av elektrisitet frå fornybare kjelder som ønskjer tilkopling til nettet, skal kunne nytte seg av tilbodsinnbyding når det gjeld tilkoplingsarbeidet.

5. Medlemsstatane skal utarbeide ei rettsleg ramme eller krevje at operatørane av overførings- og distribusjonsnett utarbeider og offentliggjør standardreglar med omsyn til kostnadsdeling i samband med systeminstallasjon, t.d. tilkopling til og utbygging av nettet, mellom alle produsentar som dreg nytte av dette.

Kostnadsdelinga skal gjennomførast ved ei ordning som byggjer på kriterium som er objektive, oversiktlege og sikrar lik handsaming, samstundes som det vert teke omsyn til dei føremonene som både opprinneleg og seinare tilknytte produsentar og operatørar av overførings- og distribusjonssystem kan ha av slik tilkopling.

6. Medlemsstatane skal sikre at gebyr som vert pålagde i samband med overføring og distribusjon, ikkje fører til ulik handsaming av elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder, medrekna elektrisitet frå fornybare energikjelder som er produsert i fjerntliggjande område, t.d. øyregionar og regionar med låg folketettleik.

Der det er føremålstenleg skal medlemsstatane innføre ei rettsleg ramme eller krevje at operatørar av overførings- og distribusjonsnett sikrar at gebyr som vert pålagde i samband med overføring og distribusjon av elektrisitet frå anlegg som nyttar fornybare energikjelder, speglar att dei kostnadsføremonene som kan oppnåast som resultat av at anlegget vert kopla til nettet. Slike kostnadsføremoner kan vere resultat av direkte bruk av lågspenningsnett.

7. I den rapporten som er nemnd i artikkel 6 nr. 2, skal medlemsstatane òg vurdere kva tiltak som må gjerast for å gjere tilgangen til elektrisitetsnett lettare for elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder. Denne rapporten skal m.a. vurdere om det er mogleg å innføre tovegsmåling.

Artikkel 8

Samandragsrapport

På grunnlag av rapportane frå medlemsstatane i medhald av artikkel 3 nr. 3 og artikkel 6 nr. 2, skal Kommisjonen seinast 31. desember 2005 og deretter kvart femte år leggje fram for Europaparlamentet og Rådet ein samandragsrapport om gjennomføringa av dette direktivet.

Denne rapporten skal

- gje ei vurdering av den framgangen som er gjort når det gjeld å spegle att dei eksterne kostnadene i samband med elektrisitet frå ikkje-fornybare energikjelder, og verknadene av offentlig støtte som er tildelt elektrisitetsproduksjon,
- ta særleg omsyn til korleis det er mogleg for medlemsstatane å nå dei nasjonale rettleiande måla som er nemnde i artikkel 3 nr. 2, det overordna rettleiande målet som er nemnt i artikkel 3 nr. 4 og til eventuell ulik handsaming av ulike energikjelder.

Dersom det er føremålstenleg, skal Kommisjonen gjere ytterlegare framlegg for Europaparlamentet og Rådet når han sender over rapporten.

*Artikkel 9***Innarbeiding i nasjonal lovgjeving**

Medlemsstatane skal seinast 27. oktober 2003 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

*Artikkel 10***Iverksetjing**

Dette direktivet tek til å gjelde den dagen det vert kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

*Artikkel 11***Adressatar**

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 27. september 2001.

For Europaparlamentet

N. FONTAINE

President

For Rådet

C. PICQUÉ

Formann

VEDLEGG

Referanseverdier for dei nasjonale rettleiande måla for medlemsstatane med omsyn til medverknaden av elektrisitet frå fornybare energikjelder i bruttoelektrisitetsforbruket innan 2010^(*)

Dette vedlegget inneheld referanseverdier for fastsetjing av nasjonale rettleiande mål for elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder, slik det er nemnt i artikkel 3 nr. 2:

	Elektrisitet frå fornybare energikjelder TWh 1997 ^(**)	Elektrisitet frå fornybare energikjelder % 1997 ^(***)	Elektrisitet frå fornybare energikjelder % 2010 ^(***)
Belgia	0,86	1,1	6,0
Danmark	3,21	8,7	29,0
Tyskland	24,91	4,5	12,5
Hellas	3,94	8,6	20,1
Spania	37,15	19,9	29,4
Frankrike	66,00	15,0	21,0
Irland	0,84	3,6	13,2
Italia	46,46	16,0	25,0 ⁽¹⁾
Luxembourg	0,14	2,1	5,7 ⁽²⁾
Nederland	3,45	3,5	9,0
Austerrike	39,05	70,0	78,1 ⁽³⁾
Portugal	14,30	38,5	39,0 ⁽⁴⁾
Finland	19,03	24,7	31,5 ⁽⁵⁾
Sverige	72,03	49,1	60,0 ⁽⁶⁾
Det sameinte kongeriket	7,04	1,7	10,0
Fellesskapet	338,41	13,9 %	22 % ^(****)

(*) Ved å ta omsyn til dei referanseverdiene som er fastsette i dette vedlegget, kan medlemsstatane gå ut ifrå at rettningslinjene for statsstøtte til miljøvern tillèt bruk av nasjonale støtteordningar for å fremje elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder.

(**) Opplysningane viser til den nasjonale produksjonen av elektrisitet frå fornybare energikjelder i 1997.

(***) Prosentdelen av elektrisitet frå fornybare energikjelder i 1997 og 2010 byggjer på den nasjonale produksjonen av elektrisitet frå fornybare energikjelder, dividert med det nasjonale bruttoelektrisitetsforbruket. I tilfelle av handel med elektrisitet frå fornybare energikjelder innanfor EU (med godkjende sertifikat eller registrert opphav) vil utrekninga av desse prosentdelane påverke tala for 2010 for kvar medlemsstat, men ikkje den samla summen for Fellesskapet.

(****) Avrunda tal på grunnlag av referanseverdiene ovanfor.

⁽¹⁾ Italia hevdar at 22 % vil vere eit realistisk tal, på det vilkåret at det nasjonale bruttoelektrisitetsforbruket i 2010 vil vere på 340 TWh. Samstundes som det vert teke omsyn til dei referanseverdiene som er fastsette i dette vedlegget, reknar Italia med at det nasjonale bruttoelektrisitetsforbruket frå fornybare energikjelder kan kome opp i 76 TWh i 2010. Dette talet omfattar den delen av kommunalt avfall og industriavfall som ikkje kan brytast ned biologisk, og som vert nytta i samsvar med fellesskapsregelverket for avfallshandtering. Om det rettleiande målet som er nemnt i dette vedlegget kan nåast, vil såleis vere avhengig m.a. av kor stor den faktiske nasjonale etterspurnaden etter elektrisk energi er i 2010.

⁽²⁾ Samstundes som det vert teke omsyn til dei rettleiande referanseverdiene som er fastsette i dette vedlegget, reknar Luxembourg med at det målet som er fastsett for 2010, kan nåast berre dersom

- det samla elektrisitetsforbruket i 2010 ikkje overstig forbruket i 1997,
- elektrisitet frå vindkraft kan multipliserast med ein faktor på 15,

- elektrisitet frå biogass kan multipliserast med ein faktor på 208,
 - elektrisitet som er produsert frå det einaste forbrenningsanlegget for kommunalt avfall i Luxembourg, som i 1997 stod for halvparten av elektrisiteten som vart produsert frå fornybare energikjelder, kan medreknast fullt ut,
 - elektrisitet frå solenergi kan aukast til 80 GWh, og
 - det er teknisk mogleg å gjennomføre innhaldet i punkta ovanfor i det aktuelle tidsrommet.
- Då det ikkje finst naturressursar, er det ikkje mogleg med ein ytterlegare auke i produksjonen av elektrisitet frå vasskraftverk.
- (³) *Austerrike* hevdar at 78,1 % vil vere eit realistisk tal, på det vilkåret at det nasjonale bruttoelektrisitetsforbruket i 2010 vil vere på 56,1 TWh. Ettersom produksjonen av elektrisitet frå fornybare energikjelder er svært avhengig av vasskraft og følgjeleg av den årlege nedbørmengda, bør tala for 1997 og 2010 reknast ut etter ein langsiktig modell som byggjer på hydrologiske og klimatiske tilhøve.
- (⁴) *Portugal* hevdar at dersom det vert teke omsyn til dei referanseverdiane som er fastsette i dette vedlegget, kan denne staten halde ved lag 1997-nivået når det gjeld elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder, som eit rettleiande mål for 2010 på det vilkåret at
- det vil vere mogleg å føre vidare den nasjonale elektrisitetsplanen ved å byggje nye vasskraftverk med ein kapasitet på over 10 MW,
 - annan produksjonskapasitet frå fornybare energikjelder, som berre er mogleg å finansiere ved statsstøtte, vil ha ein årleg auke som er åtte gonger høgare enn det som har vore tilfelle til no.
- Desse overslaga inneber at ny kapasitet for produksjon av elektrisitet frå fornybare energikjelder, bortsett frå store vasskraftverk, vil auke dobbelt så mykje som auken i det nasjonale bruttoelektrisitetsforbruket.
- (⁵) I den *finske* handlingsplanen for fornybare energikjelder er det fastsett mål for bruken av fornybare energikjelder i 2010. Desse måla er fastsette på grunnlag av omfattande bakgrunnsgranskingar. Handlingsplanen vart godkjend av regjeringa i oktober 1999. I samsvar med den finske handlingsplanen vil den delen elektrisitet som er produsert frå fornybare energikjelder, utgjere 31 % innan 2010. Dette rettleiande målet er svært ambisiøst, og verkeleggjeringa av målet vil krevje omfattande stimuleringsiltak i Finland.
- (⁶) *Sverige* hevdar at dersom det vert teke omsyn til dei referanseverdiane som er fastsette i dette vedlegget, vil sjansen for å nå målet vere svært avhengig av klimatiske faktorar som påverkar omfanget av vasskraftproduksjonen, særleg variasjonar i nedbørmengd, nedbørsfordeling gjennom året og vasstilførsel. Elektrisiteten som er produsert frå vasskraft, kan variere monaleg. I svært tørre år kan produksjonen liggje på 51 TWh, medan han i våte år kan kome opp i 78 TWh. Talet for 1997 bør difor reknast ut etter ein langsiktig modell som byggjer på vitenskaplege fakta om hydrologi og klimaendring.
- I statar med stor vasskraftproduksjon er det vanleg å nytte statistikk over vasstilførsel som omfattar eit tidsrom på 30-60 år. I samsvar med svenske metodar og på grunnlag av tilhøva i tidsrommet 1950-1999, med justering for ulikskapar i den samla vasskraftproduksjonen og vasstilførselen i tidsrommet, vil difor den gjennomsnittlege vasskraftproduksjonen liggje på 64 TWh, som svarar til eit tal på 46 % for 1997, og i denne samanhengen reknar Sverige at 52 % vil vere eit meir realistisk tal for 2010. Utsiktene som Sverige har til å kunne nå dette målet, vil òg vere avgrensa av at dei attverande utnytta elvane er verna ved lov. Vidare vil dei sjansane som Sverige har til å nå målet, vere svært avhengige av
- utbygginga av kraftvarme i høve til folketettleiken, kravet om utvikling av varme og teknologi, særleg når det gjeld forgassing av svartlut, og
 - løyve til oppføring av vindkraftverk i samsvar med nasjonal lovgjeving, allmenn godtaking, teknologisk utvikling og utbygging av netta.